


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



Frå kyrkjeboka



Døypte

10.2.

Christian Ulland

17.2.

Tobias Hovland-Gunnar



Gravlagde

7.2.

Gunnlaug Flatabø

8.2.

Evi Haugsbakk

15.2.

Nils Andersen

20.2.

Gunnar Trengereid

Om pengar

Sagt av Arne Garborg

Pengar har ikkje noko verd i seg sjølv. Du kan ikkje eta dei, ikkje drikka dei, ikkje kle deg med dei. Du kunne ha lomma full av pengar og svelta, tyrsta, frysa i hel - om der ikkje var mat og drikke og klede å få.

Pengar er langt frå det største gode, ikkje det nest største heller. Men dei er eit stort gode for dei som brukar dei vitug.

For pengar kan ein få alt, heiter det... - Nei, ein kan ikkje det. Ein kan kjøpa seg mat, men ikkje mathug. dropar, men ikkje helse, lærdom, men ikkje vit, mjuke senger, men ikkje svevn, stas, men ikkje venleik, glans men ikkje hygge, kameratar, men ikkje venenskap, moro, men ikkje glede, tenarar, men ikkje truskap, gråe hår, men ikkje ære. rolege dagar, men ikkje fred.

Skalet av alle ting kan ein få for pengar, Men kjernen er ikkje for pengar fal.

Set preg på kyrkja di



Bilete: Kirkerådet

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra!

I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru. Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval 9. september 2019. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Her kan du ta ansvar

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med

folk i nabolaget kan du bety noko med dine haldningar og det du gjer. Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Kyrkja har eit mangfald av tilbod: Gudstenester, omsorg for menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyr-

kjemusikk og aktivitetar for born. Med dei mange tilboda og fellesskapa våre, har vi også behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidat til både soknerådet og til bispedømerådet/ Kyrkjemøtet.

Soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Bispedømerådet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Kandidatlistar

Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar til soknerådsvalet. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar innan 30. april 2019. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkefølge.

Til dei regionale bispedømerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av ein medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant). I tillegg kan det koma lister frå andre nomineringsgrupper.

Kyrkjerådet/ Bjørgvin bispedømekontor

I Samnanger har me 6 representantar og 5 varamedlemer til soknerådet. I tillegg er soknepresten med. Når soknerådet fungerer som «fellesråd», er det ein representant vald av kommunestyret som tek del.

Ynskjer du å stilla ei liste til valet? Fristen for å levera inn liste er 30. april. Sjå på heimesidene våre eller kontakt kyrkjekontoret for meir info.

TRUSOPPLÆRINGS-TILTAK I MARS

Kyrkja har tiltak for alle mellom 0 og 18 år. Invitasjonar til tiltaka vert sendt i posten til dei som er kyrkjemedlemer. (Døypst i DNK). Om born som ikkje har fått invitasjon ynskjer å ta del, kan foreldra ta kontakt med kyrkjekontoret. Hjarteleg velkomne

KRØLLEDAG



9. mars er "Krølledag" for dei som vert 3-år i 2019. Her skal borna få høyre om sauene som gjekk seg vill, og prøva å finna kvar sin Krølle-sau, som dei kan ta med seg heim. Det vert også mat å få og song og lek. (Tid: 1,5 time)

FOTBALL-CUP



KRIK

KRISTEN IDRETTSKONTAKT

8.mars er det KRIK-cup for dei som går i 7.klasse og andre som vil vera med. Det vert fotball heile kvelden og mykje moro. På kvart lag skal det vera 4 stk., og laget kan ha innbytarar.

I pausen vert det snacks m.m.